

# **Folkemakt – ikkje pengemakt**

ROGALAND SVs ARBEIDSPROGRAM 2023–2027

## Innhold

Innleiing.....	3
En skole for alle.....	4
Transport og samferdsel .....	5
Næring .....	7
Industri.....	7
Jordbruk og skogbruk .....	7
Fiske og havbruk .....	8
Service og handel.....	8
Forskning.....	9
Kultur.....	9
Arealbruk.....	9
Energi og miljø .....	10
Fylkeskommunen som arbeidsgiver og tjenesteyter .....	11
Fylkeskommunen som innkjøpar og oppdragsgjevar .....	11

## Innleiing

### SV er eit sosialistisk og feministisk miljøparti, som arbeider for likskap og rettferd.

SV vil vidareutvikla det beste med det norske samfunnet: små forskjellar, sterke fagorganisasjonar og eit godt utdannings- og velferdstilbod. Me vil at skattepengane våre skal koma innbyggjarane til gode, og ikkje hamna i skatteparadis, eller i lommane på velferdsprofitørar. Dei fleste av oss er best tent med sterke fellesskap.

SV vil at dei tilsette skal bli vist tillit. Me vil at kvalifiserte og kompetente tilsette skal få utføra jobben sin utan overdriven kontroll, skjemavelde og rapporteringskrav. Samtidig vil me sikra gode arbeidsforhold gjennom rett til heile, faste stillingar.

SV er eit fredsparti, og vil styrka den internasjonale solidariteten. Me trur at me alle lærer og forstår meir gjennom samarbeid med andre. Internasjonalt samarbeid kan føregå gjennom gjensidige vennskaps- og samarbeidsavtalar med byar og regionar i andre delar av verda. SV vil ta opp situasjonen for flyktingar, asylsøkarar, innvandrarar og utenlandsadopterte i alle samanhengar der det er mogleg. SV vil ta kampen mot alle former for rasisme og jobba for god integrering og ein meir menneskeleg flyktning- og asylpolitikk og utenlandsadopsjons politikk. Internasjonal solidaritet handlar også om rettferdig handel med omverda.

SV vil styrka velferdstenestene. Me meiner at tennene er ein del av kroppen, og vil arbeida for gode tannhelsetenester, og for at folk skal ha råd til å motta desse tenestene. SV vil arbeida for inkludering og universell tilrettelegging i alle fylkeskommunen sine verkeområde. SV vil motarbeida sentralisering, privatisering og konkurranseutsetjing og vil arbeida for å ta oppgåver tilbake til folkevalt styring.

SV ønsker å behalda fylkeskommunen som forvaltningsnivå og vil gi fylket større ansvar på område som helse, samferdsel, distrikts- og regionalpolitikk, næringspolitikk, miljøvern, arealforvaltning og landbruk.

Rogaland SV har i perioden 2019-2023 arbeidd med å styrka hurtigbåttilbodet i Ryfylke, forsøk med frukost til elevar i vidaregåande skular, 10-krones buss i både nord- og sørfylket, og å trygga Riksveg 13.

I den komande perioden vil me fortsetta å arbeida for eit grønar og meir rettferdig samfunn. Det vil me gjera med å jobba for miljøkort for alle i fylket, rett til å gå på nærskulen, vera ein sterk forkjempar for jordvern, og for ein trygg Riksveg 13.

Valet i 2023 er eit verdival. Ein stemme til SV er ein stemme for meir makt til innbyggjarane, for sterke fellesskap, for miljø, trygge arbeidsplassar og solidaritet. Det er ein stemme for meir folkemakt og mindre pengemakt.

## En skole for alle

Videregående opplæring er veien til arbeidsliv og videre utdanning; til spesialisering på fagskole og høyere utdanning. For SV er det viktig at alle elevene våre får oppleve en god skolehverdag med godt håp for framtida. Økningen i unge som opplever psykiske helseplager er bekymringsfullt. Press og stress i forbindelse med skole nevnes som en viktig årsak. Det er viktig med lett tilgang til helsesykepleier, sosialrådgiver og psykisk helsehjelp, og i tillegg til god yrkesrådgivning. Det er også helt sentralt at det pedagogiske arbeidet i skolen tilrettelegger for økt mestringsfølelse og trivsel; faglig, sosialt og psykisk. Lærerne må få tid og rom til å følge opp den enkelte elev.

Fylket har behov flere fagarbeidere med yrkesfaglig utdanning og fagbrev. Derfor må lærlingordninga styrkes, og skolene må etablere forpliktende samarbeidsavtaler med nye lærebedrifter i alle deler av fylket. Flyktninger og andre med minoritetsspråklige bakgrunn må få nødvendig tilrettelagt opplæring.

Nærskoleprinsippet skal legges til grunn for inntak i videregående skole. SV mener ordningen med karakterbasert opptak forsterker karakterpresset blant elevene og gjør at mange elever får lang skolevei mot eget ønske. Den skaper også en helt unødvendig og skadelig konkurranse mellom skolene. Nærskoleprinsippet vil styrke et desentralisert utdanningstilbud i fylket. SV vil arbeide for at elever skal ha rett til å fullføre påbegynt utdanning på samme skole.

Den videregående skolen i Rogaland må organiseres på en måte som setter elever, ansatte og faglighet først. Skolens ansatte og elever skal oppleve tillit, ha selvbestemmelse og medvirkning. Reelle medbestemmelsesordninger skal fremme samarbeid mellom ledelse, ansatte og elever.

SV vil arbeide for en inkluderende skole med høy kvalitet hvor flest mulig oppnår fag-/svennebrev eller generell studiekompetanse. SV vil fortsette å styrke innsatsen mot frafall og sikre at alle elever som skal ut i lære sikres læreplass og får god oppfølging i læretiden. Vi vil ta høyde for at noen elever trenger ekstra tid for å fullføre sitt løp. SV vil derfor legge til rette for flere veier til å få fagbrev.

Fagskoler er viktige for å sikre god kompetanse for bedriftene i fylket. Fylkeskommunen må ta initiativ og ansvar, sammen med næringslivet, for å etablere flere fagskoletilbud med høy kvalitet.

En god framtid for alle innbyggere forutsetter også at skolene gir elevene god kompetanse og kunnskap om FNs bærekraftsmål og om internasjonale spørsmål.

SV vil:

- at den norske skolen skal være gratis, også for elever som velger yrkesfag.
- iverksette tiltak for å motvirke kjønnsdelte utdanningsvalg i utdanningsløpet.
- erstatte dagens karakterbaserte opptak med et mer rettferdig inntakssystem i videregående opplæring. Det skal være en rett å gå på den nærmeste skolen, og en mulighet å søke på andre skoler i fylket.
- starte forsøk med digitalundervisning i emner/fag som ikke tilbys i nærskolen, og med det sikre like muligheter for elever på mindre skoler med færre studietilbud.
- utvide muligheten for alternativ yrkesfagutdanning med praksis fra første år.
- forbedre det videregående opplæringstilbudet for innsatte i fengsler.
- ønsker kantiner drevet av skolen på alle videregående skoler i fylket. Dette er for å sikre sunn og rimelig mat til alle elevene.

- ha gratis frokost til alle elever i den videregående skolen.
- styrke rådgivnings-, oppfølgings- og skolehelsetjenesten, og legge vekt på forebygging og rask behandling.
- ha gratis sanitærprodukter på skolen.
- prioritere tiltak som reduserer frafallet i videregående skole.
- at reklame og annen kommersiell påvirkning må holdes utenfor skolen og skolebøkene.
- at skolene i Rogaland skal drive holdningsskapende arbeid som bidrar til å forebygge mobbing, diskriminering og hatefulle ytringer.
- innføre stemmerett for 16-åringer sammen med opplæring i lokaldemokrati i skolen.
- styrke elevmedvirkningen i skolen og sikre gode rammevilkår for at elevenes tillitsvalgte gis muligheter for deltakelse og innflytelse.
- videreutvikle en god vurderingskultur som er rettferdig og læringsfremmende.
- at valget av læremidler i størst mulig grad treffes på skole- og lærernivå.
- at lærere og elever skal ha tilgang til gode og varierte læremidler, både digitale og analoge, og at skolene har nødvendige midler til innkjøp.
- at bedrifter som utfører oppdrag for fylkeskommunen skal ta imot lærlinger.
- øke antallet læreplasser og øke lærlingtilskuddet.
- stimulere bedrifter til å utdanne fagarbeidere med flere fagbrev.
- fortsette å satse på fagskoleutdanning og arbeide for desentraliserte fagskoletilbud.
- legge til rette for desentralisert høyere utdanning.
- arbeide for å etablere profesjonsstudier, øke tildeling av praksisplasser og stipendiatstillinger, og arbeide for styrking av fylkets høyere utdanningsinstitusjoner.
- støtte arbeidet for å etablere medisin- og andre profesjonsstudier på UiS.

## Transport og samferdsel

SV arbeider for at kollektivtransport skal være så billig som mulig, og vil innføre et miljøkort for voksne, hvor man kan reise i hele fylket for en fast pris per måned. Kollektivtilbudet må brukes til å knytte viktige tilbud som sykehus, flyplass og universitetet/høyskole sammen med byer og tettsteder.

I tillegg mener vi at staten må ta kostnadene med utbygging av kollektiv infrastruktur fra Stavanger til det nye sykehuset, da de statlige myndighetene valgte utbygging på Ullandhaug, der det ikke er god infrastruktur for kollektivtransport.

Videre må staten bidra mer til finansiering av nødvendig kollektiv infrastruktur. I dag bidrar de kun med 50%. SV mener staten må bidra med 70%.

Jernbanen er et miljøvennlig transportmiddel. SV vil arbeide for at jernbanen får en større og viktigere rolle i transportsystemet, og dobbeltspor videre fra Sandnes til Nærbø og Eigersund er en viktig sak for Rogaland. Gjenåpning av Ålgårdbanen er også en viktig del av nærtrafikktilbudet på Nord-Jæren. SV vil arbeide for å forbedre hele Sørlandsbanen, også med sammenkobling til Vestfoldbanen. Transport mellom landsdelene bør løses med høgfartsbaner, og SV arbeider for at Haukelibanen skal bli bygd. SV vil også jobbe for å få mer gods over på bane

Veiprosjekter med dårlig samfunnsøkonomi sniker i utbyggingskøen fordi de er brukerfinansiert, og staten slipper å ta stilling til om dette virkelig er prosjekter som bør bygges. Rogfast er et grelt eksempel i Rogaland. SV mener staten selv må garantere og finansiere Europaveier og riksveier.

Rogaland SV har aktivt støttet den delvis bompengefinansierte bymiljøpakken på Nord-Jæren der 70% går til kollektivtiltak og myke trafikanter. Rogaland SV vil også arbeide for å finne

løsninger som kan motvirke at de som har minst får urimelige kostnader som følge av den etablerte bomringen.

SV vil:

- innføre miljøkort for voksne til 500 kroner i måneden for hele fylket.
- utvide aldersgrensen for ungdomskortet til og med fylte 25 år.
- utvide gyldigheten for ungdomskortet gjennom samarbeid med nabofylkene.
- at studentbillett gjelder på alle kollektivtransportmidler i fylket.
- at ungdomskort og miljøkort skal gjelde for all kollektivtransport i fylket.
- ha gratis buss for barn til de er 12 år.
- gå inn for en byvekstavgift på Haugalandet.
- knytte sammen de høyereutdannings-institusjonene i Stavanger med et bedre tilbud.
- forbedre kollektivtilbud til populære friluftsområder.
- utvikle kollektivtilbud i hele fylket etter modell av «Hent meg»-prosjektet i Sauda.
- ha utslippsfrie ferjer og hurtigbåter på alle ruter i fylket.
- opprette utslippsfrie bybåtruter i Haugesund, Egersund- og Stavanger/Sandnes-området.
- opprettholde hurtigbåtrutene Ølen-Bergen, Sandeid-Stavanger og i Ryfylke.
- fortsette utbyggingen av Bysykler, og etablere «Satsingsområder» for dette.
- fortsette utviklingen av Kolumbus bildeling flere steder i fylket.
- øke kapasiteten på Jærbanen med vendespor på Ganddal, gjenåpning av Ålgårdbanen og dobbeltspor ved stasjonene langs Jærbanen.
- innføre gratis «bike and ride» og «park and ride»-løsninger for sykler og biler ved alle stasjonene på Jærbanen og ved trafikknutepunkt andre steder i fylket.
- at kollektivtransport på vei, bane og sjø skal eies og drives av det offentlige og styres av folkevalgte.
- at tverrforbindelsen Vagle-E39 må prioriteres.
- arbeide for utbedring, rassikring og gul midtstripe på riksveg 13, fylkesveg 46 (**Knapphus-Berge**) og E134.
- prioritere utbedring og rassikring på de viktigste fylkesvegene i Dalane, Ryfylke og Haugalandet.
- kreve konsekvensutredning av Rogfast, der sikkerhet, miljø og kostnadene (26,8 milliarder) gjennomgås på nytt.
- skrinlegge omkjøringsveien Åkra sør - Veakrossen på Karmøy.
- etablere flere tømmestasjoner for bobiler.
- arbeide for at fremdriften i byggingen av bussveien på Nord Jæren opprettholdes, og sikre at hele bussveien gjennomføres som et fysisk adskilt høykvalitets bussveinett som i minst mulig grad kommer i konflikt med annen trafikk.
- prøve ut materuter med små, autonome busser mellom boligområder og kollektivnettet.
- sørge for god framkommelighet for kollektivtrafikk på fylkesveger, og legge til rette for attraktive og trygge kollektivholdeplasser.
- etablere buss-takst på hurtigbåter, der båt er den eneste mulige reisemåten.

## Næring

### Industri

Industrisamfunnet i Norge er heilt unikt. Vi har høg kompetanse og arbeidarane er i det heile godt deltakande i prosessar på arbeidsplassen. Dette skuldast i høg grad demokratisk deltaking gjennom fagforeningsorganisering. Det er viktig at vi fortset utviklinga av ein industri som forbruker mindre ressursar og som bidrar i utviklinga av eit meir miljøvenleg samfunn. Kvar industribedrift som flaggar ut er ikkje berre eit tap for lokalsamfunn, arbeidsplassar og verdiskaping, det er eit tapt klimapolitisk verkemiddel. Kraftforedlande industri er samstundes viktig for lokalsamfunn, sysselsetting og verdiskaping. Rogaland er eit av dei viktigaste industrifylka i Noreg. Vår industrikompetanse er bygd opp over hundre år, og er avgjerande for vidareutvikling av ny industri. SV vil derfor at industrien får gode rammevilkår og langsiktige kraftkontraktar.

Ei systematisk satsing på nyskaping av miljøarbeidsplassar i privat og offentleg sektor vil kunne gje mange nye arbeidsplassar. Energisektoren er eit område der Rogaland har særleg høg kompetanse som kan nyttast til betre til å utvida produksjonen av varer og tenester.

SV vil:

- ha auka satsing på berekraftig industri.
- at det alltid skal være krav om 0-utslipp av tungmetall, radioaktive stoff og andre miljøgifter frå all verksemd.
- ikkje støtte verksemdar som øydelegg livsgrunnlaget i fjordane våre.
- stanse sosial dumping.
- stimulere til satsing på ENØK og miljøtiltak, og ha auka satsing på energioptimalisering.
- få på plass breiband og sikker telekommunikasjon i heile fylket.
- at offentlege fond og andre verkemiddel tas i bruk for å bygge opp nye arbeidsplassar.
- at gjenvinningsindustrien i Rogaland styrkast.
- ha ein nasjonal plan for kraftkrevjande industri.
- støtte lokalt næringsliv i gjennomføringa av det grønne skiftet.
- støtte utvikling og utbygging av grøn industri knyta til mellom anna havvind, batteriproduksjon og hydrogen, som tek omsyn til arealbruk, miljø og natur.

### Jordbruk og skogbruk

SV vil ha eit sterkt norsk jordbruk som skaper liv og arbeidsplassar i distrikta. No importerer vi over 50% av maten vår. Me vil auka eigen matproduksjonen og betra bonden sitt økonomiske grunnlag. Norsk matproduksjon sikrar oss tilgang på klimavenleg og trygg mat i krisetider. SV vil spela på lag med den norske bonden, mellom anna ved å oppretthalda konsesjonsloven for å sikra framtidig drift. Vi vil støtta opp om ein variert bruksstruktur, fordi det vil også kunne la oss auke sjølvbergingsgraden vår.

SV ynskjer å styrka bøndene sine økonomiske vilkår gjennom ein betra forhandlingsposisjon, god handelsskikk, men og å styrka tollvern av jordbruksvarer me kan produsera sjølv. Det norske jordbruket er verdiskapande og viktig for å oppretthalde busetjing og lokal matproduksjon. Den norske bonden er i verdstoppen når det gjeld dyrehelse, noko som mellom anna gir norsk husdyrhald eit svært lavt antibiotikaforbruk. Velferda for norske husdyr er stort sett god, men me skal framleis arbeida for at den skal bli betre. SV vil auka bruken av norsk grovfôr og utmarksbeite for å redusera importen av mellom anna soya, slik at me kan spara miljøet og skapa meir av verdiane heime.

Skogbruket er viktig for landet vårt, særleg som næring og arbeidsplass i distrikta, men også som ein del av eksporten vår. Skogen representerer ein fornybar ressurs som ved fornuftig bruk kan nyttast i all framtid. SV meiner me bør stimulera til meir bruk av tre av omsyn til miljø og fangst av CO2, men også av omsyn til arbeidsplassar og økonomi.

Gode tiltak i denne samanhengen vil vera å leggja til rette for bruk av ryddingsskog og skogsavfall i fjernvarmeanlegg. Me må også auka planting av klimaskog og halda oppe kravet til nyplanting i hausta plantefelt.

SV vil:

- sikra eit sterkt vern mot nedbygging av landbruksareal og kulturlandskap.
- ha ein nullvisjon for tap av matjord, og varig vern av matjorda.
- stimulera til å gjera jordbruket endå meir miljøvenleg.
- stimulera til variert bruksstruktur.
- bruka avfall frå skogsdrift til produksjon av bioenergi.
- tilrettelegge for nye landbruksmetodar.

## Fiske og havbruk

Fisk er ei sunn og viktig matressurs. Fiskeri er under press av overfiske, forureining og klimaendringar som gir økt temperatur og surskap i havet.

SV vil legge til rette for ei lokal og berekraftig fiskerinæring, og stoppe sal av norske ressursar til utanlandske eigarar. Dette er gunstig både for klimaet og for lokale arbeidsplassar; at råvarer foredlast lokalt, og ikkje på den andre sida av jorda.

Oppdrettsnæringa bidrar til produksjon av mat, arbeidsplassar og verdiskaping, men har og store miljøutfordringar. Oppdrettsnæringa står i dag for store næringsutslepp i fjordane våre og rømd oppdrettsfisk frå anlegga er ein trussel mot villaksen. Høg dødelegheit og sjukdom utgjør eit stort velferdsproblem for oppdrettsfisken. SV meiner me må ha eit strengt regelverk og gode kontrollrutinar for å sikre ei berekraftig oppdrettsnæring. SV vil legge til rette for ein lokal og berekraftig fiskerinæring, og stoppe sal av norske ressursar til utanlandske eigarar. Det er gunstig for både klimaet og for lokale arbeidsplassar; at råvarer foredlast lokalt, og ikkje på den andre sida av jorda.

SV vil:

- sikre lokalt eigarskap til kystfiskeflåten.
- at fiskeressursane foredlast i lokalmiljøet.
- at oppdrett av fisk skal skje i lukka anlegg med nullutslepp.
- at ein større del av verdiskapinga frå oppdrettsnæringa må kome lokalsamfunnet til gode gjennom skattlegging.
- ivareta det marine miljøet og kystnære fiskestammer.
- arbeide for etablering av landstrøm til fiskeflåten.
- etablere ordningar for handtering av innteke avfall.

## Service og handel

God tilgang til service og handel er viktig for alle innbyggjarane våre. Service og handel må finnast nært der folk bur. Handelssektoren må i aukande grad bli ein del av løysinga for berekraftig utvikling, og SV meiner Rogaland fylkeskommune må bruka overordna planverk for å sikra betre miljøeffektar og redusera klimagassutsleppa der dei samhandlar med næringane.

SV ynskjer å halda på søndagar og heilagdagane som handlefrie dagar. Dette er godt for både dei tilsette, familieane, for dei mange fritidsorganisasjonane våre og for miljøet.



SV vil:

- utvikla handlesenter som er tilpassa nærområdet og langskolektivaksar, og gå imot kjøpesenter som aukar privatbilismen.
- ha ein service- og handelssektor som reduserer unødig forbruk av materiale og transport.
- arbeide aktivt med tiltak for å stanse sosial dumping.

## Forsking

Vi har eit forskingsmiljø i vekst i Rogaland. SV ynskjer å stimulere alt vi kan til å få forgang i det grønne skiftet. Her vil forskingsinstitusjonane vere av stor viktighet.

SV vil:

- styrka forkinga på berekraftig utvikling.
- ha auka forking på alternative energiformer.
- satsa på forking på skogmasse som energikjelde.
- ha auka forking og utvikling av fiskeindustrien, fokus på kvalitet på råvarene og lokal verdiskaping.

## Kultur

SV ynskjer eit breitt kultur-, idretts- og friluftsliv som er ope og tilgjengeleg for alle, uavhengig av økonomi, kulturell bakgrunn, funksjonsnedsettingar, kjønn, seksuell orientering og alder. Gjennom eit breitt kultur-, idretts- og friluftstilbod vil alle få høve til å uttrykka oss på trygge arenaer. På denne måten kan kulturen, idretten og friluftslivet skapa gode rom for fellesskap og inkludering.

SV vil:

- gi ungdom god tilgang til kulturopplevingar med kulturkort.
- utvikla støtteordningar som gjer det enklare å inkludera alle i lokalsamfunnet gjennom aktiv deltaking i kultur- og idrettslivet med bl.a. rusfrie arrangement.
- sikra fortsett støtte til bokprosjektet "Hele Rogaland lesar".
- arbeida for auka støtte til scenekunstverksemd.
- at fylkeskommunen sine bygningar skal kunna brukast gratis som øvingslokale og møtelokale for kultur- og idrettsaktørar.
- styrka den kulturelle skulesekken.
- satsa meir på opplevingar framfor materielle gode.
- sikre tilgang til friluftsliv for alle. Personar med nedsatt funksjonsevne skal ha god tilgang til friluftsområde i heile fylket.
- styrke friluftsråda i Rogaland.

## Arealbruk

Hvordan vi bruker areal til bolig, service, transport og arbeidsplasser betyr mye for hverdagen vår, men dette er også viktig for å redusere utslippene av skadelige klimagasser. Vi må verne om naturen og artsmangfoldet på en klok måte slik at de neste generasjonene også kan leve godt. Hensynet til miljøet må vektlegges enda sterkere i alle beslutninger i tida framover.

Flere naturtyper er truet på grunn av utbygging. Det trengs en arealforvaltning som tar vare på den sårbare naturen, som er viktig for oss alle. God by- og tettstedsutvikling gir redusert behov for nedbygging av natur- og kulturlandskap, og SV vil arbeide for at vi kan unngå slik

nedbygging helt. Jordvern blir viktigere og viktigere med tanke på forsyningsikkerhet. I framtida kan vi komme til å trenge hvert eneste dekar med matjord.

SVs arealpolitikk vil styrke friluftslivet og naturvernet. Rekreasjon har stor betydning for folkehelsa, og naturressurser er grunnlag for mange typer næringsliv som SV ønsker å videreutvikle.

Rekreasjonsområdene er viktige for menneskene som bor i byene og tettstedene våre, men ikke minst for de av oss som ønsker å leve hele tiden i naturnære områder.

Tilgangen til disse områdene betyr mye for friluftslivet, og særlig er strandsonen viktig for mange rogalendinger. SV vil styrke strandsonevernet og håndheve byggeforbudet i hundremetersbeltet langs sjø og vassdrag.

SV vil arbeide for en nærnaturlov og ha varig vern av friluftsarealer. Vi vil sikre matjorda i hele fylket, og mener jordvern skal ha prioritet foran nye utbyggings- og vegprosjekter.

SV vil:

- sikre et sterkt vern mot nedbygging av landbruksarealer og kulturlandskap.
- ha varig vern av strandsonen og friluftsarealer i hele fylket.
- ha en mer kompakt by- tettstedsutvikling.
- redusere antallet parkeringsplasser i sentrale områder med godt kollektivtilbud.
- øke tilbud og kapasitet for gående, syklende og kollektivreisende i hele fylket.
- styrke etablerte senter langs Jærbanen og andre kollektivakser.
- få etablert en fylkesstrategi for fritidsboliger.
- at Rogaland fylkeskommune frigir arealer og forskutterer bygging av studentboliger.
- ha en nasjonal plan for kraftkrevende industri og plassering av nye bygg.

## Energi og miljø

Klimaendringane trugar sjølve livsgrunnlaget vårt. Noreg har signert Parisavtalen, der me har forplikta oss til å redusere utsleppa. SV meiner me må kutte utsleppa med 70% fram mot 2030. Innan 2040 skal Noreg vera fritt for fossile utslepp. Den vestlege verda står for mykje av utsleppa, og må difor ta sin del av kutta. I solidaritet med resten verda kan me ikkje lenger føre ein politikk som baserer seg på vidare vekst, og der me kan kjøpe oss ut av problema. Vi meiner at Rogaland Fylkeskommune skal jobbe for energieffektivisering i eigen organisasjon, og støtte lokalt næringsliv med å finne gode klima- og miljøtiltak.

SV vil

- ha Bypakken på Haugalandet – med påfylgjande byvekstavtale med staten.
- redusere biltrafikken i fylket, særleg i sentrale strøk.
- nå måla om nullvekst i Bymiljøpakken.
- utstyre alle eigna fylkeskommunale bygg med solceller.
- legge til rette for at næringsliv og private kan utstyre bygg med solceller.
- legge til rette for satsing på ENØK og miljøtiltak.
- styrke arbeidet med sirkulærøkonomi for ei berekraftig utvikling.
- ha full konsekvensutredning før utbygging av havvind.
- fylkeskommunale fond skal ikke plasseres i fossil energi-
- utvikla ein miljø- og innbyggjarvenleg cruise-politikk for Rogaland

## Fylkeskommunen som arbeidsgiver og tjenesteyter

SV vil arbeide for en arbeidslivspolitik som sikrer inkludering og likelønn. Ansatte skal gis utviklingsmuligheter og rett til etter- og videreutdanning. Vi vil også ha en aktiv livsfase- og seniorpolitikk.

SV vil at fylkeskommunen skal ha arenaer for læring, refleksjon, forbedringsarbeid og kvalitetsutvikling i hverdagen, og legge til rette for et miljø hvor kompetanse brukes, skapes og deles. For å klare det må fylkeskommunen samarbeide nært med fagforeningene og de enkelte brukerorganisasjonene. Dette er viktig å sikre gode rutiner for utøvelse av medbestemmelse med fokus på å få til gode løsninger gjennom et konstruktivt samarbeid.

SV vil:

- ha hele og faste stillinger.
- ha full dekning av læringeplasser og at Rogaland fylkeskommune skal ha minst 100 lærlinger i egen organisasjon.
- ha et inkluderende arbeidsliv og at Rogaland fylkeskommune fremdeles skal være en IA-kommune.
- at alle fylkeskommunens bygg skal vere universelt utforma.
- jobbe for forsøk med 6-timarsdagen.
- sikre vidare drift i bedrifter med tilrettelagt tilbud som i vekst- og attføringsbedrifter i fylket.
- fortsette arbeidet med inkluderingsdugnaden for å hjelpe flere inn i arbeid.
- styrke og utvikle det partssammensatte prosjektet for å utvikle sterke profesjonsfellesskap.
- ha gode rutiner for medbestemmelse.
- føre en god arbeidslivspolitik for å beholde og rekruttere medarbeidere.
- at tannhelsetjenesten skal være spredt nok geografisk til å kunne tjene folket i distriktene på en god måte.
- foreslå å utvide gratis tannhelsetilbud opp til 25 år - mens vi venter på en bedre tannhelseordning i folketrygden

## Fylkeskommunen som innkjøpar og oppdragsgjevar

SV meiner at flest mogleg fylkeskommunale oppgåver skal utførast i eigen regi. Det er ikkje berre pris som skal bestemmas kven som vinnar anbud. Kvalitet, berekraft, lokal produksjon, tilbod om lærlingplassar og at arbeidstakarar sikrast rettast som fast jobb, lønn og pensjonsrettast er like viktig. SV meiner at fylkeskommunen må ta i bruk strenge verkemiddel for å kjempa mot utviklinga av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Det skal også vera god kontroll med produksjons- og arbeidsforhold ved innkjøp av varer og tenester. Fylkeskommunen skal vektlegge miljøprinsippet føre minimumsprinsippet i alle sine innkjøp.

SV vil:

- at fylkeskommunen har ein innkjøpspolitikk som sikrar berekraftig utvikling og støttast lokalt næringsliv.
- at fylkeskommunen følgjer strenge etiske retningslinjer i alle kontraktinngåingar og anskaffingar.

- at fylkeskommunen fokuserer på Fair Trade/Etisk Handel/Rettferdig handel ved innkjøp.
- at fylkeskommunen skal i størst mulig grad vurdere gjenbruk i sine prosjekt.
- at fylkeskommunen i stor grad nyttar seg av reserverte kontraktar med vekst- og utførelsesbedriftene i innkjøp av varer og tenester.